

---

**Fra:** Einar Færø  
**Sendt:** torsdag 7. mars 2019 09.54  
**Til:** Ytre-Arne Olav  
**Kopi:** Postmottak Radøy; Olaf Michal Hella; Tore Johan Erstad; Hjelmeland Kjell Ove; Silje Aileen Hjortland Haukedal; Rolf Raknes  
**Emne:** SV: reguleringsplanarbeid ved Manger skule

Hei!

Grei oppsummering. Eg oppfattar det som at me då er samde om innhaldet i det vidare arbeidet.

E-posten med mitt svar vert sendt vidare til byggjesak/plan slik at dei også får høve til å uttale seg.

Mvh  
Einar Færø  
Einingsleiar Drift  
Mob.99098153

---

**Fra:** Ytre-Arne Olav [<mailto:Olav.Ytre-Arne@norconsult.com>]

**Sendt:** 6. mars 2019 12:15

**Til:** Einar Færø

**Kopi:** Postmottak Radøy; Olaf Michal Hella; Tore Johan Erstad; Hjelmeland Kjell Ove

**Emne:** RE: reguleringsplanarbeid ved Manger skule

Hei, viser til mail vedlagt notat frå kommuneadvokaten om denne saka. Vi vil gjerne oppsummere saka slik:

- Norconsult har gjeve pristilbod på å lage reguleringsplan for eit areal som er skildra slik i konkurransegrunnlaget: *...Det ligg mellom anna eit område bak skulen som kommunen fester. Dette området er i dag regulert som friområde. Teigen bak skulen er i overkant av 8000 kvm (det er denne teigen paviljongen er etablert på). Det er ønskeleg at dette området skal vurderast som tillegg til eksisterande uteområde. Dersom dette området skal vere uteområde for skulen (eventuell utviding av skulen på denne tomta) må det utarbeidast ein ny reguleringsplan....* Det ligg ikkje føre meir opplysningar enn dette sitatet om kva planarbeidet omfatta på tilbodstidspunktet.
- Planarbeidet skal utførast etter NS8402 (rådgjevingsoppdrag honorert etter medgått tid). NS 8402-kontrakten gjev oppdragsgjevaren den naudsynte styring med omfang mv, og rådgjevaren skal i forkant av arbeidet justere honorarbudsjetten i samsvar med det arbeidsopplegget som oppdragsgjevaren legg opp til.
- Det er kommunen som oppdragsgjevar, og deretter kommunen si planmynde som definerer innhald og omfang av planarbeidet. På det møtet der planeininga var med, kom det fram opplysningar og krav til planarbeidet, som etter vår vurdering gjekk ut over det planinnhaldet vi kunne lese ut av skildringa i konkurransegrunnlaget. Vi fann det derfor naudsynt å varsle om at oppgåva var større enn det vi hadde gjeve pristilbod på, og føreslo då eit revidert budsjett, i tråd med NS8402, pkt 12.3. Det auka omfanget var i hovudsak knytt til førebuing av oppstartsmøte, kva areal som skulle inngå i planen, meir omfattande arbeid med gang- og sykkelloysingar, og trong for spesialutgreiingar.

Dersom vi har misoppfatta kva krav som kommunen vil setje til planoppgåva, slik at ein no er tilbake til det som går fram av konkurransegrunnlaget, er det i utgangspunktet ikkje trong for å revidere budsjettet (med unntak av rasutgreiinga), dersom det då ikkje kjem nye moment inn i biletet, og prosessen blir nokolunde «rettlina», slik vi skreiv i tilbodet. Med bakgrunn i dette legg vi opp til å forenkle planprosessen så godt som mogeleg, innafor dei generelle rammer som gjeld for arbeidet. Mellom anna vil vi føreslå å ikkje ha oppstartsmøte, slik det er opna for i «Reguleringsplanveileder» frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, sjå klipp under:

### 3.1.3 De lovpålagte kravene

<b>Oppstartsmøte og planoppstart</b>	Ved oppstart av planarbeidet skal berørte myndigheter, grunneiere, festere, naboer og andre berørte varsles om at planarbeidet igangsettes. Arbeidet skal kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet, samt i elektroniske medier (kommunens hjemmeside). Det bør settes en rimelig høringsfrist (Ved planprogram krav om minimum 6 uker og for andre anbefales minimum 3 uker)	<b>§ 12-8</b>
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px;"><p>Når forslagsstiller er en annen enn planmyndigheten selv, skal det holdes oppstartsmøte. Kommunen kan beslutte å stoppe planforslaget. Slik vedtak skal fattes så tidlig som mulig i oppstartfasen og hvis ikke annet er avtalt, senest like etter oppstartmøte. Beslutningen kan ikke påklages, men forslagsstiller kan kreve behandling i kommunestyret.</p></div>		

Vi vil vidare konsentrere planarbeidet om arealet nord for skulen, slik det er skildra i konkurransegrunnlaget. Spesialutgreiing av ras tek vi med i det omfang det er trong for, og vi oppfattar at kommunen er innstilt på å dekkje dette.

For å vere trygge på at vi har ei felles forståing av grunnlaget for planarbeidet og eit arbeidsomfang og – opplegg som er i tråd med det kommunen ønskjer, bør vi gjerne ta eit raskt skypemøte, og gjennomgå dette. Vi sender eigen invitasjon til slikt møte.

Vi stadfester elles at planarbeidet er i gang, bygt på den forståinga av oppgåva som er skildra her.

Mvh

Olav Ytre-Arne  
Seniorrådgiver  
Mob: +47 45 40 45 08  
[olav.ytre-arne@norconsult.com](mailto:olav.ytre-arne@norconsult.com)

Norconsult AS, Postboks 1199, 5811 Bergen  
Valkendorfsgaten 6, 5012 Bergen  
Tel: +47 55 37 55 00 | Fax: +47 55 37 55 01  
[www.norconsult.no](http://www.norconsult.no)

CONFIDENTIALITY AND DISCLAIMER NOTICE: This message is for the sole use of the intended recipients and may contain confidential information. If you are not an intended recipient, you are requested to notify the sender by reply e-mail and destroy all copies of the original message. Any unauthorized review, use, disclosure or distribution is prohibited. While the sender has taken reasonable precautions to minimize the risk of viruses, we cannot warrant the absence of, or accept liability for, any such viruses in this message or any attachment.

---

**From:** Einar Færø <[Einar.Faero@radoy.kommune.no](mailto:Einar.Faero@radoy.kommune.no)>  
**Sent:** 20. februar 2019 13.07  
**To:** Ytre-Arne Olav <[Olav.Ytre-Arne@norconsult.com](mailto:Olav.Ytre-Arne@norconsult.com)>  
**Cc:** Postmottak Radøy <[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)>; Olaf Michal Hella <[Olaf.Hella@radoy.kommune.no](mailto:Olaf.Hella@radoy.kommune.no)>; Tore Johan Erstad <[tore.johan.erstad@radoy.kommune.no](mailto:tore.johan.erstad@radoy.kommune.no)>  
**Subject:** reguleringsplanarbeid ved Manger skule

Hei!

Me viser til dykkar varslingsnotat om auka honorar i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Me har fått hjelp frå kommuneadvokaten vår til å sjå på dette . Sjå vedlagte notat.

Går ut frå at reguleringsarbeidet har gått sin gang uavhengig av denne avklaringa.

Mvh  
Einar Færø  
Einingsleiar Drift  
Mob.99098153